



Møteprotokoll

| | |
|------------------|--------------------|
| Utval: | Kontrollutvalet |
| Møtestad: | Fjernmøte på Teams |
| Dato: | 22.02.2021 |
| Tid: | 10:00 - 11.30 |

Følgjande faste medlemmer møte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|--------------------|-----------|---------------|
| Gjermund Stuve | Leiar | SP |
| Michael Iversen | Nestleiar | AP |
| Anita Sørnes | Medlem | FRP |
| Svanhild A. Botnen | Medlem | SP |
| Håvard Gjerde | Medlem | R |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|------|----------|---------------|
|------|----------|---------------|

Følgjande varamedlemmer møte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|------|-----------|---------------|

Merknader

Andre som møte:

| Namn | Stilling |
|-------------------|--|
| Anita Hesthamar | Rådmann |
| Torgeir Næss | Ordførar |
| Silje Fossdal | Rekneskapsrevisor i Deloitte, t.o.m. sak PS 4/21 |
| Kjersti Gjuvsland | Forvaltningsrevisor i Deloitte |
| Roald Breistein | Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune |

Gjermund Stuve
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off |
|----------------------|--|---------------------|-------|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 1/21 GK 2/21 | Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll etter møte i Kontrollutvalet 07.12.2020 | 2020/73 | |
| | Referatsaker | | |
| RS 1/21 | Vedtak i HST 10.12.20 - Budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024 | 2020/91 | |
| RS 2/21 RS 3/21 | Vedtak i HST 10.12.20 - Auke i egenkapital Hardanger AKS Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2021 - Handsaming av årsrekneskapen | 2019/47 2020/168 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 1/21 | Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte | 2020/168 | |
| PS 2/21 | Rådmannen orienterer om rutinar for elevar som ikkje når kompetansemåla for symjing | 2020/77 | |
| PS 3/21 | Rådmannen orienterer om status i høve arbeid med etikk i Kvam herad | 2020/191 | |
| PS 4/21 | Deloitte presenterer risiko- og vesentlegvurdering av etterleving med økonomiforvaltninga for 2020 | 2020/168 | |
| PS 5/21 | Kurs i regi av Deloitte første halvår 2021 | 2018/49 | |
| PS 6/21 | Møteplan for Kontrollutvalet i Kvam herad for 2021 | 2020/56 | |
| PS 7/21 | Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2020 | 2015/170 | |
| PS 8/21 | Forvaltningsrevisjon - Kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar - Status i arbeidet ved Deloitte | 2020/185 | |
| PS 9/21 | Oppfølging - Forvaltningsrevisjon trygt og godt skulemiljø i Kvam herad | 2019/19 | |
| PS 10/21 PS 11/21 | Gjennomgang av møteprotokollar Eventuelt | 2020/74 2020/77 | |

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll etter møte i Kontrollutvalet 07.12.2020

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.12.2020 vart samrøystes vedteke.

Referatsaker

RS 1/21 Vedtak i HST 10.12.20 - Budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 2/21 Vedtak i HST 10.12.20 - Auke i egenkapital Hardanger AKS

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 3/21 Møteplan for kontrollutvalet i Kvam herad for 2021 - Handsaming av årsrekneskapen

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 1/21 Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Rådmann, Anita Hesthamar, orienterte om status for oppfølging av revisjonsrapport 2019 nr. 12 frå Deloitte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Rekneskapsrevisor i Deloitte, Silje Fossdal, kommenterte også saka.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen om oppfølging av revisjonsrapport 2019 nr. 12 frå Deloitte vart teken til orientering.

PS 2/21 Rådmannen orienterer om rutinar for elevar som ikkje når kompetansemåla for symjing

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Rådmann, Anita Hesthamar, orienterte om rutinar for elevar som ikkje når kompetansemåla for symjing i Kvam herad og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at det blir ekstra fokus på enkelteleven som har problem med å nå kompetansemåla for symjing i ein periode. Elevar i 4.trinn vert prioritert. Covid-19 situasjonen i 2020 gjorde at ikkje alle fekk avlagt test i symjing då basseng i periodar var stengde. Samtale mellom kontaktlærar og føresette vert også nytta for å komme fram til tiltak som kan bidra til å nå kompetansemåla for symjing for eleven.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen om rutinar for elevar som ikkje når kompetansemåla for symjing i Kvam herad til orientering.

PS 3/21 Rådmannen orienterer om status i høve arbeid med etikk i Kvam herad

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Rådmann, Anita Hesthamar, orienterte om arbeidet med etikk i Kvam herad og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom fram m.a. at etikk inngår som ein del av internkontrollen og kvalitetssystemet til Kvam herad . Det er vedteke etiske reglar for tilsette, innleigde konsulentar mv.. Det er også laga slike reglar for folkevalde. Reglane skal reviderast i løpet av 2021. Etisk trening skal også gjennomførast i løpet av året. Kurs i etikk gjennom KS-læring må alle tilsette gjennomføre og kvittere ut at det er gjort. Leiar skal følge opp at alle har gjennomført kurset. Det ligg også videoar med dilemmatrening tilgjengeleg på KS-læring. Grunna Covid-19 har dilemmatrening i 2020 ikkje vorte gjennomført som planlagt. Etikk for folkevalde vart fokusert på i eit kurs i starten av valperioden.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen om arbeid med etikk i Kvam herad til orientering.

PS 4/21 Deloitte presenterer risiko- og vesentlegvurdering av etterleving med økonomiforvaltninga for 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga vert sendt sekretariatet innan 15.04.2021 slik at den vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 28.04.2021.

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Rekneskapsrevisor i Deloitte, Silje Fossdal, presenterte risiko- og vesentlegvurderinga som dei har gjennomført om forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2020 og svarte på spørsmål fra kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Deloitte AS til orientering.
2. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga vert sendt sekretariatet innan 15.04.2021 slik at den vert klar til handsaming i møte i kontrollutvalet 28.04.2021.

PS 5/21 Kurs i regi av Deloitte første halvår 2021

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet
2. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Håvard Gjerde forslo at det vert gjennomført kurs i offentlege anskaffingar med m.a. fokus på generelt regelverk, krav i høve sosial dumping, lærlingar, tariff, døme på saker frå andre kommunar. Kontrollutvalet slutta seg til dette.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan offentlege anskaffingar i samband med møte i kontrollutvalet 07.06.2020.
2. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

PS 6/21 Møteplan for Kontrollutvalet i Kvam herad for 2021

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad legg opp til slik møteplan for 2021:

| |
|------------|
| Dato: |
| 22.02.2021 |
| 28.04.2021 |
| 07.06.2021 |
| 06.09.2021 |
| 22.11.2021 |

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet i Kvam herad legg opp til slik møteplan for 2021:

| |
|------------|
| Dato: |
| 22.02.2021 |
| 28.04.2021 |
| 07.06.2021 |
| 06.09.2021 |
| 22.11.2021 |

PS 7/21 Årsmelding for kontrollutvalet i Kvam herad for 2020

Forslag til vedtak

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Kvam herad.

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort nokre mindre redigeringsmessige endringar i årsmeldinga.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Kvam herad.

PS 8/21 Forvaltningsrevisjon - Kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon «Kvalitet, kompetanse og sjukefråvær i barnehagar» og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom fram at arbeidet er i rute og at revisjonsrapport vil verta levert innan utgangen av april som tidlegare avtalt.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 9/21 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon trygt og godt skulemiljø i Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam» for det meste er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 7 og 11 til første møte i utvalet etter sumarferien 2021.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet 3 veker før møtedato.

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam» for det meste er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 7 og 11 til første møte i utvalet etter sumarferien 2021.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet 3 veker før møtedato.

PS 10/21 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstilling til orientering.

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

I dette møte vart desse møteprotokollane gjennomgått:

- Heradsstyret 10.12.2020
- Formannskapet 10.02.2021
- Miljø, plan og bygningsutval 09.02.2021

Møteprotokoll frå møte i heradsstyret 16.02.2021 vart også handsama i dette møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram over til orientering.

PS 11/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 22.02.2021 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Sekretariat for kontrollutvalet opplyste om at frå og med neste møte i kontrollutvalet i Kvam herad vil Kjartan Haugsnes vera sekretær for utvalet igjen.

Håvard Gjerde sende e-post kvelden før møtet der han ba om kontrollutvalet si vurdering av desse to sakene:

Smittevern og beredskap i høve Covid-19 i Kvam herad

Dette er eit innspel frå Oddbjørn Vespestad, Kvam SV, der det går fram m.a. dette:

«I byrjinga av Heradsstyremøtet tysdag 16. februar vart det etter spørsmål frå ein av medlemene kort informert om situasjonen, men lite om vurderingane som låg bak. Om det passar kontrollutvalet kan det vera av verdi for innbyggjarane i kommunen at kontrollutvalet, til dømes i eit seinare møte bed administrasjonen eller ordføraren om å orientera om vurderingane som vart gjort i denne situasjonen i høve til:

- *Korleis slike vurderingar vert gjort i kommunen.*
- *Kva faglege ressursar ein støttar seg på i slike høve.*
- *Kven som til sist tek avgjerdene.*
- *Kva som vert gjort for å innhenta informasjon om kostnadane ved slike tiltak før ein gjer vurderingane om strengt avgrensande tiltak.*

I eit seinare møte vil situasjonen vonleg vera ein annan, og det kan også vera nyttig å få ei vurdering frå administrasjonen om:

- *Kvar beredskapsarbeidet står på dette tidspunktet.*
- *Kva lærdommar ein har teke med seg i det vidare beredskapsarbeidet.*
- *Om ein har tilstrekkelege ressursar og gode nok planar for god og effektiv pandemihandtering ved større alvorlege utbrot i framtida (Anten det gjeld koronapandemien, andre pandemiar eller andre alvorlege hendingar).»*

Rådmann, Anita Hesthamar, gjorde greie for bakgrunnen for korleis smittevern og beredskap i høve Covid-19 i Kvam herad er handtert. Ho sende også desse to lenkjene med meir aktuell informasjon om saka.

<https://www.kvam.no/tenester/tekniske-tenester/brann-redning-og-beredskap/kommunal-beredskap/>

https://www.kvam.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2018003723&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=277&

Ordfører, Torgeir Næss, gjorde også greie for bakgrunnen for innføring av dei aktuell tiltaka.

Etter felles diskusjon tok kontrollutvalet informasjonen frå rådmann og ordfører til orientering.

Leike- og opphaldsareal i barnehagane i Kvam herad

Håvard Gjerde gjorde greie for bakgrunnen for innspelet om leike- og opphaldsareal i Kvam herad. Det går m.a. fram dette av innspelet:

«Rettleiaren inneheld både «bør» og «skal». I kva grad vert rettleiaren etterlevd? Korleis bør/skal rettleiaren etterlevast?»

Rådmann, Anita Hesthamar, informerte om korleis situasjonen på dette feltet er i Kvam herad. Det kom m.a. fram at alle barnehagane er godkjende. Likevel er det slik at fleire av barnehagane ser på forbetring av uteareala, gjerne i samarbeid med foreldre.

Etter felles diskusjon tok kontrollutvalet informasjonen frå rådmannen til orientering.

Etter dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tok informasjonen frå rådmann og ordførar om smittevern og beredskap i høve Covid-19 i Kvam herad til orientering
2. Kontrollutvalet tok informasjonen frå rådmannen om leike- og opphaldsareal i barnehagane i Kvam herad til orientering.